


# Du ana'kje

Av Aslak Moe



SoFt

Sogn og Fjordane Teater







# STOPP! IKKJE MOBB!

Du ana'kje er ei framsyning som er større enn seg sjølv. Den handlar ikkje berre om Tor Henning Karlsen. Den handlar om alle som har opplevd og opplever mobbing.

Kva gjer mobbing med den som blir mobba?

Kvifor mobbar mobbaren?

Kven har ansvaret for å få slutt på plaginga?

I filmen **Karate Kid** blir helten vår, Dre, mobba av dei andre skuleelevane.

I scena der Mr. Han følgjer Dre til karatetreninga, seier Mr. Han at det ikkje finst dårlege elevar, berre dårlege lærarar. Har han rett i det?

Teatret har ikkje noko mål om å gi klare svar med denne framsyninga.

Vi ønskjer snarare at elevar og lærarar byrjar å leite etter svara sjølve.

Då eg var skuleelev for godt over tretti år sidan, hadde eg aldri høyrtd ordet mobbing. Likevel fanst mobbing, og eg var sjølv ein som mobba, utan at eg tenkte over følgene det fekk for andre. Dei vaksne rundt meg brydde seg ikkje så mykje dei heller.

I dag blir det snakka mykje om mobbing. Skulane har handlingsplanar, med mange fine tiltak, som fadderordningar, vakter i friminutta og samtaler og undervisning der mobbing er tema. Det er flott, men likevel blir menneske mobba. Kampen mot mobbing må difor kjempast kvar dag.

Dei to borna mine har lært meg ein fin song som blir brukt på skulen deira.

Den heiter **Stopp! Ikkje mobb!** og er skriven av Frode Skåleak. Om eg var lærar ville eg starte og slutte kvar skuledag med å syngje refrenget frå denne songen:

Stopp! Ikkje mobb!  
Dette her er kameraten min.  
Ikkje finn på noko tull  
– vennen min er god som gull.

No vil eg berre sei i frå.  
Ein for alle – alle for ein!  
Så no vil eg slå fast svart på kvitt:  
Her er mobbefritt!



Takk for at du såg Du ana'kje!







# HISTORIA BAK «Du ana'kje»

Teaterstykket «Du ana'kje» er laga på ein litt spesiell måte. Medan teaterstykket vanlegvis vert dikta ut frå forfattarens fantasi, er «Du ana'kje» basert på ei verkeleg historie. Men ikkje berre det. Det meste av det som vert sagt i stykket er faktisk tidlegare sagt av den verkelege Tor Henning.

Èg har nemleg intervjuet Tor Henning i fleire timar under forarbeidet til stykket. Intervjuet vart spelte inn, og så vart dei skrivne ut. Til sist vart brokkar her og der frå intervjuet tilpassa og sett saman til dette teaterstykket.

Noko har eg sjølv sagt dikta sjølv òg. Sjølve grunnsituasjonen, med Tor Henning som kjem stressa og desperat på jobben etter å ha skofta i ei veke, har nok aldri gått føre seg i røynda. I det heile trur eg Tor Henning har det betre i dag, ein del år etter at han lærte å ta vare på seg sjølv på Tronvik Psykiatriske Behandlingsheim.

«Desiliter-monologen» og historia med Return-songen er andre element som er dramatiserte av meg, men med eit tydeleg utgangspunkt i det Tor Henning sjølv har fortalt meg.

Denne måten å lage intervjubasert teater på har eg jobba med i 5–6 år. Mellom dei første av desse prosjekta var «Saman Skal Vi Leve», også på Sogn og Fjordane Teater. Stykket handla om det som skjedde med Arve Beheim Karlsen i 1999. Han var ein gut på 17 år frå Hafslo utanfor Sogndal som var adoptert frå India. Arve vart alvorleg mobba av jamnaldrande skulekameratar i perioden 1998–99. Det enda veldig tragisk. Under eit russestemne i Sogndal drukna han i Sogndalselva etter å ha forsøkt å flykte frå plageåndene.

Vi intervjuet Tor Henning til «Saman Skal Vi Leve», men fekk han ikkje til å passe inn i framsyninga, trass i at vi kjende at historia hans var viktig å fortelje. Difor vart vi einige om at rolla Tor Henning måtte få sit eige «one-man-show». Og det er det vi no har framført for dykk.

Helsing Aslak  
Forfattar og regissør



# Du ana'kje

av Aslak Moe

**Regi**

Aslak Moe

**I rolla som Tor Henning**

Kyrre Eikås Ottersen

**Produksjonsleiar**

Kenneth Røsandhaug

**Sufflør**

Agnes Alisøy

Friends will be friends for ever  
You can't ease what's in your heart  
Friends will be friends if we really care  
Cause friends are hard to find







more  
art  
by Trey  
find



Vi gjer merksam på at alle mobiltelefonar må vere slått av.  
Det er ikkje lov å gjere lydopptak, filme eller fotografere under framsyninga.  
Urpremière i Eikefjord 3. september 2010





**Tor Henning Karlsen (til venstre) saman med skodespelar Kyrre Eikås Ottersen. Tor Henning vart tilkjend 100 000 kroner i erstatning etter rettssaka mot Flora kommune.**

**Sitat frå dommen i SAK nr. 96-00402 A i Sunnfjord heradsrett:**

«Likevel vurderer retten det slik at de karakterer som Tor Henning har oppnådd er såpass «gode» i forhold til hans potensiale, at han må ha fått den opplæring han har rettskrav på. Når den ordinære undervisning etter grunnskoleloven § 7 nr. 1 likevel ga han de tilstrekkelige muligheter, ville han heller ikke ha krav på spesialundervisning etter grunnskoleloven § 8 nr. 1.

Retten finner derfor at saksøkte ikke kan bli ansvarlig på det grunnlag at Tor Henning har vært utsatt for mobbing som skolen skulle ha avverget.»

«Kommunen burde etter rettens vurdering tatt initiativ til å etablere en tverrfaglig referansegruppe i samarbeid med det lokale hjelpeapparat – PPT, helse- og sosialtjenesten.»

«Saken er således dels vunnet og dels tapt.»



# TOR HENNING KARLSEN

– hovudpersonen i «Du ana'kje»

i samtale med Hans Jakob Reite

**Kva tykkjer du, Tor Henning, etter å ha sett ei prøveframsyning av stykket, riv det opp i gamle sår?**

- Eg kjenner at eg er ferdig med saka, men eg kjenner meg godt att. Eg såg mykje av meg sjølv i det skodespelaren framførte.

**Når du tenkjer tilbake, kva er det som treffer deg mest i stykket?**

- Det er overgangen frå mobbeperioden til å verte respektert. Når stykket går over frå at eg ikkje betydde noko for nokon i grunnskulen, til det å verte verdsett på folkehøgskulen. Det var den sterkaste delen av stykket for meg.

**Kva overraskar deg mest i stykket?**

- Eg vart overraska av kor likt det var meg sjølv. Det var nærare enn eg hadde trudd.

**Synest du stykket tek vare på historia di?**


- Det er godt å sjå at det vart seriøst handsama. Rett før eg gjekk på prøveframsyninga var eg redd for å verte latterleggjort. Det skjedde heldigvis ikkje.

**Korleis vert det når stykket kjem til skulen der du er reinhaldar i dag?**

- Det går greitt. Eg føler meg ferdig med saka. Eg har god kontakt med andre tilsette og elevar ved skulen. Det er ein styrke for meg å arbeide på ein skule. Eg synest det er fint at stykket skal gå rundt i klassane. Det er der stykket høyrer heime.



119 068835

 sparebanken  
sogn og fjordane

Trine 24 år,  
landslagsstjerne frå Sunnfjord



## Volleyballstjerna vår

Du ser ho kanskje ikkje enno. Men ho er der inne i hallen. Trufast på trening, kveld etter kveld. Servar og blokkerer. Stuper og skli. Slår så det svir. I Sunnfjord har vi aktive, flotte volleyballmiljø der unge får trene. Der talenta dukkar opp. Som lokal bank engasjerer vi oss og hjelper dei fram. At Sogn og Fjordane kan fostre ei ny volleyballstjerne, det trur vi, det ønskjer vi og det satsar vi på.

I 2009 gav Sparebanken Sogn og Fjordane 20 millionar kroner i gåve og sponsorstønad til kultur, idrett og forskning i Sogn og Fjordane. Gjennom Furorestipendet og TOPP-idrettsutvikling bidreg vi til å løfte fram dei unge og talentfulle frå fylket.

**Sparebanken Sogn og Fjordane**  
- la oss fellesskape framtida vår

[meirennbank.no](http://meirennbank.no) [facebook](https://www.facebook.com/sbfjordane) [twitter](https://twitter.com/ssf.no) [ssf.no](http://ssf.no)



# KVA ER MOBBING?


Så lenge menneska har danna sosiale fellesskap har det alltid vore nokon som har blitt mobba, og har hatt som rolle å vere hakkekyllingen, syndebuggen, den som må stå på utsida (outsider). Ordet «mobbing» kjem frå det engelske «mob», som tyder «gjeng, flokk».

Den som blir mobba føler seg ikkje konfrontert med enkeltindivid, men med ein heil «gjeng». Ein kan identifisere enkeltmedlemer, men «gjengen» er andletslaus, noko abstrakt. Difor er det så vanskeleg for den som blir mobba å konfrontere «gjengen» direkte for å få slutt på mobbinga. Det blir ein abstrakt kamp: «Kamp mot terror, fattigdom, svolt, rasisme» og, nettopp, «Kamp mot mobbing».

Dette blir kanskje litt abstrakt. Tor Henning Karlsen sin lagnad er svært konkret. Eg kunne ha skrive i det lange og det breie også ut frå eigne røynsler om korleis mobbing set spor hos den som blir mobba, lenge etter at mobbinga er over. Det vil eg unngå. Noko av det verste ein som blir mobba kan oppleve er å bli nokon som andre «synest synd på», og dermed underforstått «svak» og «stakkarsleg». Det er nettopp det den som blir mobba ikkje vil vere.

Oppmodinga er at ein heller må applaudere og respektere Karlsen si forteljing. I tillegg må ein ta lærdom av historia for å forstå kva mobbing er, kva det gjer med eit menneske og korleis ein kan, om ikkje forhindre det for all framtid, i det minste avgrense det. Den som blir, eller har blitt mobba, kan også lære av kor viktig det er at ein klarer å finne noko i tilveret og kvardagen som gjev meining, styrke og sjølvrespekt slik at ein ikkje lar mobbarane vinne.

Dersom eg skal formulere heilt enkelt kva mobbing er, må det vere at det til sjuande og sist handlar om å fråta nokon sjølvrespekten deira. Difor er det så viktig at ein aldri gjev slepp på den.



Geir Follevåg

Forfatter av boka Adoptert identitet  
– om adopsjon, superheltar og mobbing





Depotbiblioteket

Du ana'kje



11G068835

Ansvarleg utgjevar:

Terje Lyngstad

Programredaksjon:

TerjeLyngstad

Hans Jakob Reite

Aslak Moe

Pedagogisk opplegg for skulane:

Jon Olav Leira

Foto side 8:

Bent Are Iversen, Firda

Alle andre foto:

Olav Reiakvam

Utforming av programmet og trykk:

E. Natvik Prenteverk AS, Florø

**soFt**

Sogn og Fjordane Teater

Sogn og Fjordane Teater

Førdehuset

Angedalsvegen 5

Postboks 324

6802 Førde

Telefon 909 90 600

post@softeater.no

www.softeater.no